

Vedlikehald Børneskaien er på tiltakslista - andre aktuelle prosjekt manglar.

14.04.2020




Vedlikehald på Børnes kai er på lista over kommunale tiltaksprosjekt i desse korona tider.

Ei førebels liste over kommunale prosjekt og vedlikehaldstiltak i desse koronatider har med Børnes kai. Det er snakk om vedlikehald. Ein statusrapport skal vera ferdig i november/desember. Oppstart er ikkje avklart. Kvinnherad Skogeigarlag og Kvinnherad kommune eig og driftar Børneskaien. I mange år har kaien vore brukt til utskiping av tømmer til inn- og utland.

Adminstrasjonen ved næringssjef Grete Solheim har laga lista, som syner aktuell kommunale vedlikehaldstiltak og nybygg/prosjekt som kan framskundast i tid. Arbeidet vert gjort med bakgrunn i planlagde og vedtekne investeringar. Nokre av tiltaka på lista vert gjennomført innan kort tid. Mange av tiltaka går på vatn, avløp og slamavskiljarar. Andre tiltak gjeld nybygg som til dømes ny idrettshall på Husnes.

I Uskedalen finn vi berre Børneskaien på lista, noko som må vera mangelfullt. Her har bygda ei oppgåve å få meldt inn naudsynte tiltak både som gjeld investeringar og vedlikehald. Det er nok å nemna:



Kvinnherad kommune eig det som er farga lilla på skissen. Skogfeigearlaget eig det som er farga kvitt.

- Å framskunda forprosjektet for gang- og sykkelveg Uskedal Bru til Steinsletto. Tiltaket er ikkje ein del av Kvinnheradpakken, heller ikkje eit prioritert tiltak i gjeldande trafikksikringsplan. Når vi veit at det tek 2 - 3 år frå oppstart plan til anleggsstart, bør planarbeidet starta no. Gang- og sykkelveg til Steinsletto/ Børnes er avgjerande for å skapa vekst og utvikling på denne strekninga.



**Etter Sunde og Rosendal står Uskedalen for tur til å få sin plan for arealbruk i sentrum.**

- Oppstart sentrumsplan som syner arealbruk for husvære, parkering, veg og andre sentrumsfunksjonar.  
Plan tek tid. Kan dette arbeidet framskundast ?
- Vedlikehald Bygdetunet Rød. Det er eit stort etterslep på vedlikehald på bygningsmassen på bygdetunet. Forfallet er synleg med mellom anna taklekkasjar på stovehuset og på stallen. Kverna er ikkje funksjonell då det må lagast nyt slåk.
- Reguleringsplan Børnes Næringsområde. Arbeidet må forserast i tid fram mot eit vedtak straks. Reguleringsplan er ein føresetnad for koma vidare med investeringar og aktivitetar på Børnes.
- Turvegar, skilting, friluftsliv. Det er ei kommunal oppgåve å leggja til rette for betre skilting og opparbeiding av parkeringsplassar, i samarbeid med Elveeigarlaget og grunneigarane. Uskedalen med mellom anna Ulvanoso og Fjellandsbø er eit turmål. Infrastrukturen må vera på plass for å kunna ta mot gjester.

***Uskedalen.no føl opp med saker som går på plan og næring, mellom anna fra landbruksplan 2020 - 2025 ligg ute til ettersyn og høyring.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dersom ein skal koma i mål med gang- og sykkelveg til Steinsletto/Børnes innan ein fem års periode, må planarbeidet starta no.